

# Detaljregulering for vassverk og reinseanlegg, Tyinkrysset

## 1. Siktemålet med planen

---

Formålet med planen er å leggje til rette for vassforsyning og reinseanlegg for området ved Tyinkrysset.

## 2. Fellesføresegner for heile planområdet

---

- 2.1 For alle tiltak i planområdet skal det bli lagt vekt på å få ein god tilpassing i høve til landskapet.
- 2.2 Mindre vesentlige unntak frå reguleringsføresegna kan, der særskilde grunner talar for det, gis løyve til av kommunen innanfor rammene i lovverket.
- 2.3 Alle vassdragskryssingar, inkludert kulverter og stikkrenner, skal dimensjoneraast for ei 200-års flaum.
- 2.4 Ved dimensjonering av bru skal det skal ikkje bli gjort tiltak som kan gje negative vassdragstekniske konsekvensar (oppstuving, erosjon, og masselagring) eller påverke allmenne interesser negativt (fisk, vasslevande flora/fauna og viktig kantvegetasjon). Eventuelle avbøtande tiltak må gå inn i byggeplanen.
- 2.5 Tiltak i eller nær Begnavassdraget som kan føre til tilslamming i vassdraget skal utførast i tidsrommet 15.juni til 15.september.
- 2.6 Dersom det under gravearbeider/anleggsverksemd eller lignande støtes på automatisk freda kulturminner, i tillegg til de som er registrert, skal arbeidet bli stansa med ein gong og dei regionale kulturvern- myndigheter skal bli varsla i samsvar med kulturminneloven av 9. juni 1978 § 8
- 2.7 Stipla eigedomsgrenser er usikre og kan avvike fleire meter. Formålsgrensene for fritidseigedomar, naturformål og naturområde skal eventuelt korrigerast til eigedomsgrense dersom denne vert justert.
- 2.8 Der byggegrense ikkje er vist, gjeld reglane i veglova. Byggegrensa er vist som 35 meter ved planområde for vassreinseanlegg – F2. Elles er byggegrensa ihht. veglova, 50 meter frå midten av offentlig veg.

## 3. Føresegner for arealformål

---

### 3.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

- 3.1.1 I F1 skal det kunne ble etablert nødvendige installasjonar for vassforsyningsanlegg.
- 3.1.2 I F2 skal det kunne lagast nødvendige installasjonar og hus for reinseanlegg.

### 3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

- 3.2.1 Vegane PV1, PV2 og PV3 er naudsynte for drift av det kommunal-tekniske anlegget og skal vere stengde for alminneleg ferdsle.
- 3.2.2 Parkeringsområde (P1) er hovudsakelig eit manøvreringsareal naudsynt for drift av vassreinseanlegget og skal ikkje bli nytt til faste installasjonar eller lengre parkering.

### 3.3 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindriftsformål (§ 12-5 nr. 5)

- 3.3.1 Områder regulert til LNFR kan få inngrep i anleggsperioden. Der det skjer inngrep skal arealet tilbakeføres til opphavleg form og bruk etter at veganlegget er gjennomført. Arbeid i og langs disse areala skal bli utføres på skånsamt vis med minst mulig inngrep. Områda regulerte til LNFR sikrar dagens bruk av areala.
- 3.3.2 Start- og endepunkt for skjeringar og fyllingar skal/bør bli avrunda inn mot eksisterande terreng for en mest mulig naturlik overgang.

- 3.3.3 Skjeringar og fyllingar skal vegeterast att med stadeigen vegetasjon og med ein slik kvalitet at anlegget blir sikra eit grønt preg så raskt som mogleg og som er haldbart over tid.

### **3.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)**

Inngrep nær naturområde vassdrag skal gjennomførast på ein skånsam måte og med minst mogleg inngrep

## **4. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)**

---

### **4.1 Nedslagsfelt drikkevatt - sone 1 (H110-1)**

- 4.1.1 Det er ikkje tillate med aktivitetar som fører til risiko for ureining av grunnvatnet.
- 4.1.2 Nye bygg er ikkje tillate, bygg i samband med brønnenlegg er tillate.
- 4.1.3 Avløpsleidningar er ikkje tillate. Det er ikkje tillate å grave ned gjenstandar utover nødvendig leidningsanlegg og elektrokabel til brønnane.
- 4.1.4 All form for jordbruk inklusiv gjødsling er ikkje tillate. Det kan ikkje beitast i sone H110-1
- 4.1.5 Det er tillate å bygge veg til brønnehus, andre vegar kan ikkje byggast.
- 4.1.6 Det er tillate å gjerde inn området

### **4.2 Nedslagsfelt drikkevatt – sone 2 (H110-2)**

- 4.2.1 Verksemd som fører til inngrep og minsking av den umetta sona vil normalt ikkje bli tillate. Dette vil omfatte masseuttak, vegbygging eller andre type grøfting/gravearbeid som ikkje har med vassverket sitt anlegg å gjera.
- 4.2.2 Nye bygg kan ikkje akseptast.
- 4.2.3 Lagring av olje, oljeprodukt og andre stoff som kan ureine grunnvatnet der forbode. Dette gjeld og fylling av drivstoff i samband med anleggsarbeid med meir.
- 4.2.4 Jordbrusverksemd er ikkje tillate. Vanleg beiting er tillate.
- 4.2.5 Ved eventuell omlegging av E 16 skal dette gjerast på ein måte som fører til at risiko for ureining av grunnvatnet blir redusert mest mogeleg. Overvatn frå vegområdet skal førast ut av sone 2.
- 4.2.6 Normalt skal det ikkje gå føre seg køyring i sone 2, unnateke er køyring i samband med bygging og drift av vassverket. Tilkomstveg inn i sone 2 bør sikrast med bom.
- 4.2.7 Eventuelle avløpsleidningar gjennom sona bør etablerast som tette, forsterka rør (sjølvfallsleidningar blir lagt som trykkledningar). Leidningar skal trykkprøvast jamleg (min. annakvart år) og tettast ved eventuelle lekkasje.

### **4.3 Nedslagsfelt drikkevatt – sone 3 (H110-3)**

Det skal leggest vekt på å avgrense etableringar og aktivitetar som kan føre til dårlegare vasskvalitet i Begna og Fløgstrøndfjorden.

### **4.4 Sikringssone – Frisikt (H140)**

I frisiktsonene skal det til ein kvar tid vere fri sikt 0,5 m over nivået til dei tilstøytande vegane. Statens vegvesen og kommunen kan krevje fjerning av sikthindrande element innanfor denne sona.

### **4.5 Faresone - Ras og skredfare (H310)**

- 4.5.1 I områder med skred og rasfare krevas kompenserande tiltak med tilstrekkeleg skreddempande effekt som reduserer faren for skred- og rashendingar. Plassering og dimensjon av tiltaket skal bli gjort av fagkyndig.
- 4.5.2 Vassreinseanlegget skal sikrast mot skred med gjentaksintervall på 1000 år. Dette svarar til sikkerheitsklasse S2 i byggt teknisk forskrift.

#### 4.6 Faresone – Flaumfare (H320\_1 og H320\_2)

- 4.6.1 Tilstrekkeleg sikkerhet mot ein 200-årsflaum skal vere dokumentert før bygginga av reinseanlegget kan starte (H320\_1).
- 4.6.2 Tilstrekkeleg sikkerhet mot ein 1000-årsflaum skal vere dokumentert før bygginga av vassverket kan starte (H320\_2).
- 4.6.3 Byggeområdet for vassreinseanlegg skal vere sikra mot 200-årsflaum frå sidebekken som kryssar under E16.
- 4.6.4 Det er tillate å etablere vassbrønnar og køyreveg til desse innanfor faresone for 200-årsflaum. Vassbrønnar må sikrast mot 200-årsflaum med tilrådd tiltak.
- 4.6.5 Sikringstiltak mot skred kan bli nytt som sikring mot 200-årsflaum frå sidebekk etter vurdering frå fagkyndig. Sikringstiltaket skal sikrast mot erosjon.

#### 4.7 Faresone – Høgspenningsanlegg (H370)

Høgspenningsanlegg, gjeld høgspent luftlinje som går gjennom deler av planområdet. Arbeid nær luftlinja skal utførast med varsemd.

#### 4.8 Bergenske Kongeveg (H570\_1)

Omsynssone 570-1 omfattar det verneverdige kulturminnet den Bergenske Kongeveg. Innanfor omsynssonen skal det ikkje gjerast inngrep som kan skade Kongevegen. Tiltak innanfor omsynssonen skal godkjennast av kulturminnemyndighetene i Oppland fylkeskommune.

### 5. Rekkjefølgjeføresegner

---

- 5.1 Før etablering av vassverk kan skje skal konsesjonsplikt etter vassressurslova §§ 8 og 45 vere avklara med vassdragsmyndigheita.
- 5.2 Vassreinseanlegg skal ikkje føyrast opp før byggeområdet er stadfesta som sikra mot 200-årsflaum og 1000-årsskred av fagkyndig. For vassverket må sikkerheit for 1000-årsflaum vere dokumentert før bygging kan starte.
- 5.3 Etablering av reinseanlegg i første trinn føresetter godkjend utslippsløyve jf. forureiningsforskrifta kap. 13, medan utviding av reinseanlegg til trinn 2 føresetter godkjend utslippsløyve jf. forureiningsforskrifta kap. 14.
- 5.4 Vegen V2 med ny bru skal ikkje bli bygd før vedtak av ny kommunedelplan for Tyinkrysset.